



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

- MØTE NR.:** 06 i tingperioden 2013-2015
- FRÅ:** Styret i Sogn og Fjordane Skikrins
- STAD/DATO:** Loen, Hotel Aleksandra / 29.-30. August 2014
- TIL STADES:** Inge Fænn, Anders Felde, Hallvard Nygård, Reidun Hegrenes, Arthur Hegrenes, Lilly Schøyen og Gunnar Fannemel, og Yngve Thorsen (adm.).
- FORFALL:** Asle Sande (1. varamedlem),
- MERKNADER:** I samband med *Sak 71 13-15* innleia plan- og utd. leiar i Sogn og Fjordane Idrettskrins, Ingar Breilid.  
Anders Felde deltok i samband med *Sak 70 13-15* og *71 13-15*.
- REFERENT:** Yngve Thorsen
- SAKLISTE:**
- REFERATSAKER**  
*Sak 70 13-15* Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 05 13-15
- TEMASAK**  
*Sak 71 13-15* Utvikling av framtidige toppidrettsutøvarar i Sogn og Fjordane  
Innleiing v/ plan- og utd. leiar i Sogn og Fjordane Idrettskrins, Ingar Breilid.
- RAPPORTERING**  
*Sak 72 13-15* Rekneskapsrapport pr. 27.08.2014
- ORIENTERINGSAKER**  
*Sak 73 13-15* Ski-tinget 2014 – oppsummering/ evaluering  
*Sak 74 13-15* Skikrinstinget 2015 - valg  
*Sak 75 13-15* Planar for utvikling v/ Nordfjord Fritidssenter
- DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**  
*Sak 76 13-15* Haustmøte 2014  
*Sak 77 13-15* Ski i Skulen 2015  
*Sak 78 13-15* Status Handlingsplanar 2013-2014  
*Sak 79 13-15* Markedsarbeid 2014-2015  
*Sak 80 13-15* Bekledning til Skikrinsstyret og tillitsvalde i Sogn og Fjordane Skikrins 2014-2015  
*Sak 81 13-15* Sommarskiskule – alle greiner

EVENTUELT

---



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

## REFERATSAKER

### **Sak 70 13-15**

#### **Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 05 13-15**

##### **Bakgrunn**

Innkalling, sakliste og protokoll nr. 05 13-15 er utsendt på førehand.

##### **Vedtak**

Skikrinsstyret godkjenner innkalling, sakliste og protokoll nr. 05 13-15.

## TEMASAK

### **Sak 71 13-15**

#### **Utvikling av framtidige toppidrettsutøvarar i Sogn og Fjordane**

##### **Bakgrunn**

Plan- og utd. leiar i Sogn og Fjordane Idrettskrins innleia til drøfting om korleis ein kan arbeide for å legge til rette for utvikling av framtidige toppidrettsutøvarar i Sogn og Fjordane.

Breilid retta søkjelyset på korleis ein i Sogn og Fjordane kan utvikle/vidareutvikle gode modellar for styrking av toppidretten si utvikling regionalt.

Sentrale moment i Breilid si innleiing var m.a. knytt til;

- Samarbeid og arbeidsdeling regionalt
- Trenarutvikling
- Lokale kraftsenter
- Særiddrettane sine behov for fagleg støtte regionalt

##### **Vedtak**

Skikrinsstyret tek innleiinga med påfølgjande drøfting til vitande, og gjer vidare vedtak om at Anders Felde saman med adm. sjef utgreier følgjande problemstillingar;

- 1) Korleis kan idrettens samle seg om eit regionalt utviklingscenter i Sogn og Fjordane?
- 2) Korleis kan ski-idretten utvikle/vidareutvikle regionale kraftsenter i Sogn og Fjordane?

Utgreiinga skal vere klar seinast 15. september 2014, og skal deretter handsamast i Skikrinsstyret.

## RAPPORTERING

### **Sak 72 13-15**

#### **Rekneskapsrapport pr. 27.08.2014**

##### **Bakgrunn**

Rekneskapsrapport pr. 27.08.2014 er utsendt på førehand.  
Adm. la fram rapporten.

##### **Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

## **ORIENTERINGSAKER**

### **Sak 73 13-15**

#### **Ski-tinget 2014 – oppsummering/ evaluering**

##### **Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins var vertskap for Norges Skiforbund sitt Ski-ting 2014. Arrangementet vart avvikla i perioden 11.-15. juni 2014 v/ Hotell Aleksandra i Loen.

Skikrinsstyret oppsummerte Ski-tinget 2014 på følgjande punkt;

- mykje positive tilbakemeldingar frå NSF, delegatar og tilreisande
- økonomisk status
- generell gjennomføring
- m.m.

##### **Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

### **Sak 74 13-15**

#### **Skikrinstinget 2015 - valg**

##### **Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins (SFSK) skal jf. SFSK si lov gjennomføre Skikrinsting våren 2015.

Som innspel til valkomiteen sitt arbeid gjer leiar framlegg om at ein gjennomfører ei drøfting i Skikrinsstyret m.o.t. kven som stiller til attval eller ikkje.

##### **Vedtak**

Skikrinsstyret gjer vedtak om at dei einskilde medlemmane i styret tek stilling til om ein tek attval eller ikkje fram til neste møte i Skikrinsstyret. Desse signala skal vidare formidlast til valkomiteen.

### **Sak 75 13-15**

#### **Planar for utvikling v/ Nordfjord Fritidssenter**

##### **Bakgrunn**

Ref. sak 34 13-15.

IL Veten/ Nordfjord Fritidssenter har den seinare tida arbeida med planar om eit lenger alpintrekk med ca. 150 høgdemeter, slik at ein kan få til nedfartar (alpint) på begge sider av dagens eksisterande hoppanlegg.

Iflg. IL Veten har desse planane vore med i prosessen kring utvikling av anlegget sidan 1990. I den tid vart planane utvikla av anleggskonsulent i NSF, Alfred Andersen.

Slik adm. sjef har forstått prosessen så har IL Veten sett vekk utviklingsarbeidet til ei mindre arbeidsgruppe med Tor Åge Berglid som leiar.

Arbeidsgruppa har no starta arbeidet med realisering av planane, m.a. for å skape eit betre driftsgrunnlag for anlegget.

Sett i frå arbeidsgruppa sin ståstad blir ikkje dette eit nytt alpinanlegg i så måte, men ei fullføring av allereie eksisterande anlegg.



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

Ved ei utbygging ser ein føre seg eit løna bidrag for ei stilling til å arbeide i anlegget, og dermed sikre at anlegget får ei god utvikling og drift.

Det er vidare utarbeida ein rapport m.o.t. driftsgrunnlaget for dette anlegget. Denne rapporten har ein førebels ikkje fått tilsendt frå arbeidsgruppa.

Det er og næringsinteresser involvert i anlegget.

IL Vetten ser vidare føre seg ei omsetning på omlag 1 mill NOK gjennom 45 driftsdagar i sesongen. Iflg. IL Vetten sine egne berekningar tilsvarar dette 2 % av den totale marknaden i området. Her kjem i tillegg inntekter på parkering, mat, overnatting etc.

Arbeidsgruppa meiner dette er eit realistisk prosjekt, under visse føresetnader m.o.t. gjeldsgrad.

Det blir vidare gitt uttrykk for at IL Vetten har teke på seg oppgåva med å utvikle hoppanlegget, m.a. for at ein skal få etablert eit alpintilbod på sikt.

I sitt arbeid er leiar i arbeidsgruppa uroa over Sogn og Fjordane Skikrins sin anleggspolitikk, der ein m.a. har uttalt at det ikkje skal etablerast fleire alpinanlegg i Sogn og Fjordane, men at ein skal stimulere til utvikling og gode vilkår for drift i eksisterande anlegg.

Bakgrunnen for denne politikken er knytt til det generelle driftsgrunnlaget for alpinanlegg i Sogn og Fjordane.

Leiar i arbeidsgruppa har forøvrig gjeve signal om at utviklingsplanane er formaliserte av årsmøtet i IL Vetten (2014).

I den vidare prosessen er det viktig at Sogn og Fjordane Skikrins gjer nødvendige formelle avklaringar vedr. utviklingsplanane i skisenteret.

Adm. gjer difor framlegg om følgjande;

- Skikrinsstyret ber om ein formell uttale frå IL Vetten vedr. nemnde utviklingsplanar, samt kopi av årsmøtevedtak i høve saka.
- Skikrinsstyret ber om tilbakemelding frå Stryn kommune m.o.t. korleis dei vurderar utviklingsplanane.

### **Vedtak**

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak i saka;

- Skikrinsstyret ber om ein formell uttale frå IL Vetten vedr. nemnde utviklingsplanar, samt kopi av årsmøtevedtak i høve saka.
- Skikrinsstyret ber om tilbakemelding frå Stryn kommune m.o.t. korleis dei vurderar utviklingsplanane.



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

## **DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**

### **Sak 76 13-15**

#### **Haustmøte 2014**

##### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret fastset tid og stad for Haustmøtet 2014.

##### **Vedtak**

Skikrinsstyret gjer vedtak om at Haustmøtet 2014 skal avviklast på Skei Hotell, onsdag 29. oktober 2014.

### **Sak 77 13-15**

#### **Ski i Skulen 2015**

##### **Bakgrunn**

Adm. legg til grunn at Skikrinsstyret ynskjer å vidareføre prosjektet Ski i Skulen i 2015.

Vidare gjer adm. framlegg om at følgjande skular får tilbod om deltaking i prosjektet;

- Gaupne skule
- Flatbygdi skule (Vik)
- Breim skule
- Flatene skule (Førde)
- Tonning skule (Stryn)
- Nordfjordeid skule
- Trudvang skule (Sogndal)
- Vassenden skule
- Tangen skule (Årdalstangen)
- Leikanger Barneskule
- Sunde skule (Førde)
- Naustdal barne- og ungdomsskule
- Hjelle skule
- Viksdalen barneskule/Frøysland skule (Gaular/Førde)
- Hyen skule

Sum skular: 15

Ein legg til grunn følgjande rammer for prosjektet i 2015.

- Det skal gjennomførast 5-6 skiøker ved kvar skule i perioden januar-mars
- Skikrinsen dekker løn til instruktørane, samt elevane sine reisekostnader t/r skianlegga
- Instruktørane vert rekruttert frå skikrinsen/idrettslaga evt. skulane (kvalifiserte trenarar)
- Det er søkt om støtte til vidareføring av prosjektet via Sparebankstiftinga



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

Elles vert prosjektet finansiert gjennom eigen utviklingsavtale med fylkeskommunen, post3 midlar frå Norges Skiforbund, støtte frå respektive kommunar samt egne avsette midlar til føremålet.

I gjennomføringa av prosjektet i 2015 legg ein til grunn følgjande budsjett;

<b>Inntekter</b>	<b>Kroner</b>
Sogn og Fj. Skikrins	kr 20 000,-
Sparebankstiftinga	kr 100 000,-
Sogn og Fj. Fylkeskommune	kr 100 000,-
Deltakande kommunar	kr 30 000,-
Norges Skiforbund	kr 30 000,-
<b>Sum inntekter</b>	<b>kr 280 000,-</b>
<b>Kostnader</b>	
Transportkostnader	kr 170 000,-
Løn til instruktørar	kr 70 000,-
Diverse utstyr, skismurning, ekstra ski-staver etc.	kr 10 000,-
Akt. kostnader (leige skianlegg m.m.)	kr 30 000,-
<b>Sum kostnader</b>	<b>kr 280 000,-</b>

### **Vedtak**

Under føresetnad av at prosjektet vert fullfinansiert gjer Skikrinsstyret vedtak om at prosjektet skal vidareførast jf. adm. si tilråding.

### **Sak 78 13-15**

#### **Status Handlingsplanar 2013-2014**

##### **Bakgrunn**

Leiarane i greinkomiteane presenterte status og måloppnåelse for handlingsplanane 2013-2014.

- Alpinkomiteen v/ Lilly Schøyen
- Langrennskomiteen v/ Arthur Hegrenes
- Hopp- og kombinertkomiteen v/ Gunnar Fannemel

Vidare presenterte greinkomiteleiarane hovudutfordringane til respektive komitèar 2014-2015.

### **Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at greinkomiteane sine handlingsplanar for 2014-2015 skal handsamast i samband med neste møte i Skikrinsstyret.

## Sak 79 13-15

## Markedsarbeid 2014-2015

### Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins har i dag følgjande markedsavtalar:

Verksemd	Grein	Varighet	Går ut
Fylkeskommunen	AU/Ski i Skulen	3 år	2015
Skei Hotell	AU	1 år	2015
Byggteam	Langrenn	2 år	2015
Sparebanken S. og Fj	Langrenn	3 år	2015
G-Sport/Erdal Sport AS	Langrenn	2 år	2016
COOP Vest SA	Alpint	4 år	2016
Fjord1	Alpint	3 år	2015
Frydenbø AS	Alpint	3 år	2014
SFE	Hopp/kombinert	2 år	2016
Toyota	AU		
AVIS	Alpint		

Mange av dei viktige samarbeidsavtalane til Sogn og Fjordane Skikrins er i ferd med å nærme seg frist for reforhandling. Fram til våren 2015 må arbeidet innanfor markedsområdet difor rettast mot reforhandling av eksisterande markedsavtalar.

I første fase må følgjande verksemdar følgjast opp m.o.t. reforhandling;

- Sogn og Fjordane Fylkeskommune (utviklingsavtale)
- Skei Hotell (er under reforhandling av adm.)
- Sparebanken Sogn og Fjordane
- G-Sport/Erdal Sport AS (er under reforhandling av adm.)
- Fjord1
- Frydenbø AS
- ByggTeam AS

Elles er samarbeidsavtalen med SFE ferdig reforhandla for 2 nye år. Denne avtalen har ein verdi på kr. xx xxx,- i kontantstraum pr. år i avtaleperioden. I avtalen er SFE hovudsponsor for hopp- og kombinertkomiteen, samt sponsor for langrennskomiteen.

Adm. ber Skikrinsstyret ta stilling til korleis verdien i denne avtalen skal fordelast mellom dei to komitèane.

Vidare gjer leiar framlegg om at ein skal gjere ei nærare vurdering m.o.t. aktuelle verksemdar som kan vere aktuelle for Norges Skiforbund sitt markedskonsept *Skiing Norway*.

### Vedtak

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak i saka:

- 1) Skikrinsstyret gjer vedtak om at fordelingsnøkkelen i høve samarbeidsavtalen med SFE skal vere; 70% til hopp- og kombinert og 30 %til langrenn (av kontantstraumen)



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

- 2) Skikrinsstyret gjer vedtak om at markedsnemnda skal gjere ei fordeling av oppfølgingsansvaret vedr. samarbeidsavtalane som skal reforhandlast i 2014/2015, og at nemnda gjer ei nærare vurdering av konseptet *Skiing Norway*.

### **Sak 80 13-15**

#### **Bekledning til Skikrinsstyret og tillitsvalde i Sogn og Fjordane Skikrins 2014-2015**

##### **Bakgrunn**

Leiar gjer framlegg om at Skikrinsstyret skal vurdere kva bekledning dei tillitsvalde i Sogn og Fjordane Skikrins skal få i 2014-2015.

##### **Vedtak**

Skikrinsstyret gjer vedtak om at Reidun Hegrenes vurderar aktuell type bekledning til Skikrinsstyret og øvrige tillitsvalde i Sogn og Fjordane Skikrins.

### **Sak 81 13-15**

#### **Sommarskiskule – alle greiner**

##### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret gjer framlegg om at skikrinsen skal legge til rette for etablering av sommarskiskule for alle greiner f.o.m. 2015.

##### **Vedtak**

Skikrinsstyret gjer vedtak om at greinkomiteane skal handsame saka innan utgangen av oktober 2014. Greinkomiteane skal på Skikrinsstyret sitt møte i desember gje tilbakemelding om, og korleis ein kan arbeide ut eit konsept som er føremålstenleg for alle greiner.

### **EVENTUELT**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Inge Fænn (s)  
Leiar

Yngve Thorsen (s)  
Adm. sjef